

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	25.05.2022
Vår referanse	2022/59354-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå LNF - gnr. 138, bnr. 18 - Etablering av einebustad - Alver kommune

Viser til brev av 01.06.2021. I brev av 28.06.2021 varsla Vestland fylkeskommune ei arkeologisk registrering på den omsøkte tomte. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Den arkeologiske registreringa vart utført mellom 04. – 06. oktober 2021. Den arkeologiske registreringa gav funn av fire automatisk freda kulturminne: eit dyrkingslag frå førreformatorisk tid (Askeladden id. 283406), eit dyrkingslag frå førreformatorisk tid (Askeladden id. 283412), eit dyrkingslag frå yngre bronsealder/førromersk jernalder (Askeladden id. 283414) og eit aktivitesområde frå eldre jernalder og folkevandringstid (Askeladden id. 284561). Funna er vanleg førekomande kulturminne. Vestland fylkeskommune kan difor i denne saka tilrå dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8.1 for dei automatisk freda kulturminna som er i konflikt med tiltaket, dette gjeld:

- Askeladden id. 283414
- Askeladden id. 284561

Vestland fylkeskommune har ikkje innvendingar mot etablering av omsøkte einebustad. Når byggesøknad vert levert til kommunen skal vi ha saka til handsaming, for å kunna gje dispensasjon frå kulturminnelova for dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 283414 og 284561. Søknad om dispensasjon skal sendast til <https://digisak.ra.no/front#front/index>

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift